



Saksframlegg

Søknad om kompensasjon for tap av yngel - Telemarkrøye

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskapet		11.06.2025
Kommunestyret		19.06.2025

Endeleg vedtaksrett i saka har: kommunestyret

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Søknad om kompensasjon for skade forårsaket av klorholdig vann levert til vårt yngelanlegg på Molandsmoen 3.pdf
- 2 Kvale Advokatfirma uttale kloring av drikkevann

Bakgrunn for saka:

Telemarkrøye AS har sendt søknad til Fyresdal kommune om økonomisk kompensasjon etter at yngelen i anlegget deira på Molandsmoen døydd 21. februar i år. Selskapet meiner dødsfallet skuldast klorinnhald i vatnet levert frå Fyresdal kommune same dag.

I søknaden opplyser Telemarkrøye AS at over 300 000 yngel døydd, noko som førte til ein direkte kostnad på over 1,3 millionar kroner. Dei peikar òg på at dei langsiktige økonomiske konsekvensane for verksemda overstig dette beløpet vesentleg.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Fyresdal kommune skal nytte dei økonomiske ressursane til beste for fellesskapet.

I veke 8 mottok vass- og avløpsavdelinga prøveresultat som viste at ei vassprøve frå Fyresdal vassverk ikkje var tilfredsstillande. Det blei derfor raskt iverksett tiltak for å verne innbyggjarane mot mogleg forureina drikkevatn.

Følgjande varsel blei sendt ut til alle brukarar av det kommunale drikkevatnet, inkludert dagleg leiar i Telemarkrøye AS:

«Grunna ikkje tilfredsstillande vassprøver frå Fyresdal vassverk, ber me om at alle tilknytta vassverket kokar drikkevatn og vatn til matlaging fram til ny melding kjem. Me beklagar dei ulempene dette måtte medføre.

Avdeling for tekniske tenester, Fyresdal kommune»

Varslinga blei i tillegg publisert på kommunen si nettside og Facebook-side.

Samtidig blei det sett i verk tiltak som gjennomspyling av leidningsnettet og lett kloring, for å sikre at ingen skulle bli sjuke av å bruke vatnet. Ny vassprøve blei teken frå same stad som den første og sendt direkte til analyse. Det tok nokre dagar å få svar, og då viste prøveresultatet at vatnet var trygt. Det er grunn til å tru at den første prøva blei kontaminert under sjølve prøvetakinga.

Konklusjon:

Det er alltid rom for forbedring når det gjeld informasjon til innbyggjarar og næringsliv i situasjonar som kan påverke kvardagen deira. I dette tilfellet meiner kommunedirektøren at informasjonen blei formidla raskt og gjennom fleire kommunikasjonskanalar.

Telemarkrøye AS skriv i søknaden:

«Normal praksis har fram til no vore at vi blir varsla ved slike hendingar, slik at vi saman kan gjennomføre tiltak som minimerer eller eliminerer risikoen for uønskte hendingar. Dette blei ikkje gjort denne gongen.»

Kommunedirektøren kjenner ikkje til at det har vore ein etablert praksis å varsle enkelte verksemdar direkte utover det generelle varslingssystemet som blei nytta. Det har heller ikkje vore inngått egne avtalar om særskilt varsling.

Kommunedirektøren ønskjer eit godt samarbeid med alle bedrifter i kommunen, men kan ikkje sjå at kommunen kan lastast for fiskedøden hos Telemarkrøye AS.

Tiltaka som blei sette i verk hadde som formål å sikre tryggleik for innbyggjarane, noko som alltid må ha førsteprioritet.

Kommunedirektøren meiner at det er verksemda sitt ansvar å ha egne tryggingstiltak og rutinar som kan motverke slike hendingar – til dømes i form av avtalar med kommunen.

Varslinga frå kommunen gjekk ut til alle abonnentar på lik linje. På bakgrunn av dette kan ikkje kommunen sjå at det ligg føre grunnlag for kompensasjon.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune avslår søknaden frå Telemarkrøye AS om økonomisk kompensasjon.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk